



Ledig rektorjobb i sentral vestlandskommune

Kvam Kristne Skule (KKS) som held til i Norheimsund, kom i gang i fjor haust etter å ha sendt inn 4 ulike søknader over 5 år. Skulen treng ny rektor frå 1. september som kan føre vidare arbeidet som er påbegynt i ein viktig oppbyggingsfase.

Skulen treng ein person med røynsle frå privat- eller offentleg skuledrift, som har evne til leie eit team av motiverte lærarar, spele på lag med engasjerte foreldre og sjå behova i ei aktiv og samansett elevgruppe. Framfor alt må skuleleiaren sjå verdien av å drive ein kristen friskule for at born og unge som veks opp i eit avkristna samfunn kan læra Sanninga å kjenne, og bli verande hos Gud.

Det er også behov for fleire lærarar til skulen for undervisning på ulike trinn og innanfor ulike fag. Dersom skulen ikkje får på plass rektor snarast, står han i fare for å verte lagt ned.

For meir informasjon, sjå www.kks.as eller kontakt rektor:
tlf 71 20 06 43 eller 977 55 805.

Du kan også kontakte styreleiar, Eivind Straumstein, som nås på 481 44 989 dersom du ønskjer meir informasjon eller kan tipse om personar KKS kan ta kontakt med.

Du som les dette: Ver også med å be om at Herren kunne få røre ved nokon som kunne sjå dette som eit kall å hjelpe den nye generasjonen frem! Herren er på tronen ennu!
(ØF og ES 21.07.08)

